



Ida Marie Eidsvik og Christoffer Støle har sommarjobb på SPAR Uskedalen.

Innlegget i dag i serien Sommarjobben min handlar om Ida Marie Eidsvik (16) og Christoffer Støle (snart 18). Begge har sommarjobb på SPAR Uskedalen, ein jobb dei trivst godt i. Før har det vore meir tilfeldige sommarjobbar som plenklypping og anna form for hjelp. No er det meir alvor i den fyrste regulære sommarjobben der ein kan få tena sine egne pengar.

Ida Marie og Chistoffer søkte, fekk jobben og har kontrakt på jobb i åtte veker. Sidan dei ikkje er 18 år, kan dei ikkje stå i kassen åleine. Ei av årsakene til det er sal av øl og røyk. Elles er det med på alt førefallande arbeid i ein daglegvarebutikk, alt frå varemottak, plassering av varene i hyllene, vareframskyving til det å hjelpa kundane med å finna fram i butikken. Lagerarbeid og generell rydd og orden høyrer med til jobben. Før start fekk ein opplæring med mellom anna eit internettkurs.

Arbeidsdagen er variert. Det kan vera tidleg- eller seinvakt. Nokre dagar har dei overlapping på nokre timar der dei er i butikken på same tid. Å ha ein sommarjobb er viktig. Møte med kundane er givande, ikkje minst det å få møta turistane og andre tilreisande og dermed få høve til å snakka engelsk. Serviceinnstilling og høflegheit er punkt ein får kunna fungera i ein butikk som SPAR.

Ida Marie Eidsvik er 16 år, er ferdig som elev på Rosendal ungdomsskule. Ho har fått opptak på Kvinnherad Vidaregåande skule på allmennfag frå hausten. Christoffer Støle er snart 18 og har gått to år på Stord Vidaregåande skule på idrett. Han held fram på Stord 3. og siste året.

Dersom alt går fint og arbeidsgjevar er nøgd, vonar begge på å få tilbud om å vera ekstrahjelp i butikken i vinterhalvåret.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Varemottak og plassering av varene i hyllene er ein viktig del av arbeidsdagen til Ida Marie og Christoffer.